

Internasjonalt arbeid Møteplassen

Mål og handlingsplan 2018

Meland kommune har vedtatt å ta imot 140 flyktingar frå 2015-2019. I tillegg kjem familiegjenforeining. Kommunen har også ein stor flokk med arbeidsinnvandrarar og andre som har komen til Meland i vaksen alder. Fleire av desse har dårleg norsk-kunnskap, og ektefellen til den som fekk jobb kjem seg gjerne ikkje i arbeid av denne grunn. Kyrkja ser sitt medansvar i å skape gode møteplassar for integrering og har fått ei god ramme for det i det nye lokalet Møteplassen, lokalisert i Frekhaug sentrum. Eldsjeler har sett i gang allereie frå hausten 2015. Tiltaket er godt i gang med veksande oppslutning, og viser seg å ha livets rett. Etter kvart som tiltaket vert meir kjent, auker oppslutninga

Målgruppe: Flyktingar/asylsøkarar, arbeidsinnvandrarar, nordmenn som ønsker å vere med som medarbeidarar eller berre delta for å bli kjent med nye Melandsbuarar.

Mål:

Å bidra til god integrering av flyktingar og andre innvandrarar i Melandsbygdene.

* gje gratis tilbod om norskopplæring til dei som ikkje har tilbod frå det offentlege, eller meir opplæring for dei som synes det offentlege tilbodet blir for lite.

* fremje relasjonsbygging og vennskap og norsk-læring gjennom samtale.

*Norsk kurs onsdagar 18.00-19.30..Brukar "Ny i Norge".

Seks frivillege lærararar som gjer dette utan lønn. Studentane betaler berre lærebøkene.

* Internasjonal kafe onsdagar 19.30-ca 21.00. Nokre gonger utan program, nokre gonger quiz, innspel til samtale om eit tema, musikk, felles hobby eller matlagingsprosjekt etc. .

Frivillige norsklærarar med kompetanse som lærarar og tidlegare norsklærarar for utlendingar. 6 personar.

Frivillige kafevertar .6-8 medarbeidarar til no. Skyssteneste.

Noko oppfølging frå stab (diakon) for organisering, PR og praktisk tilrettelegging